



Arkivnr: 2015/5194-10

Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

**Saksframlegg****Saksgang****Møtedato**

Utval for miljø og samferdsel	01.12.2016
Fylkesutvalet	08.12.2016

**Overtaking av kommunale ferjekaiar****Samandrag**

Fylkesutvalet vedtok i sak 179/2015 at det skulle setjast i gong ein prosess med sikte på å ta over eigarskap til fire kommunale ferjekaiar som vert nytta i fylkesferjesambanda. Fylkeskommunen har fått tilslagn frå Sund kommune og Kvinnherad kommune om at dei vil overdra ferjekaiane vederlagsfritt til fylkeskommunen. Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen tek over eigarskapet til dei aktuelle ferjekaiane.

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen tek over eigarskapet til dei kommunale ferjekaiane på Fjelbergøy, Borgundøy, Lerøy og Bjelkarøy.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 14.11.2016

### Innleiing

På møte i fylkesutvalet den 18. juni 2015 la fylkesrådmannen fram sak om dei kommunale kaiane i fylkesvegsambanda. På bakgrunn av ynskje om å få ein mest mogeleg lik standard på fylkesferjekaiane i Hordaland, innstilte rådmannen på at fylkeskommunen tek over eigarskapet til dei 4 kommunale ferjekaiane som er i bruk. Dei aktuelle kaiane er Lerøy og Bjelkarøy i Sund kommune, og Borgundøy og Fjelbergøy i Kvinnherad kommune. Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak:

*Fylkesutvalet godkjener at det vert sett i gong ein prosess med siktet på å ta over eigarskap og drift/vedlikehald av dei kommunale ferjekaiane som vert nytta i fylkesferjesambanda. Prosessen må avklara på kva vilkår slik overdraging kan finna stad, og dei økonomiske fylgjene av det.*

*Sak om dette legges frem for fylkeskommunale politiske organ.*

Etter dette har det vore arbeidd vidare med saka i form av kontakt/møte med kommunane og vidare vurderingar av kva som må gjerast med infrastrukturen på kort og lang sikt. Forslag til avtale om overdraging er sendt til kommunane.

### Tilbakemelding frå kommunane

Sund kommune melde i brev av 30.06.2016 om at dei ikkje hadde merknader til at fylkeskommunen tok over eigarskap til kaiane vederlagsfritt. Dette er seinare vedteke av kommunestyret.

Kvinnherad kommune melde i brev av 17.10.2016 om at også dei vil overdra ferjekaiane vederlagsfritt til fylkeskommunen. Kommunen melder vidare at dei har til hensikt å gå inn i eit interkommunalt hamnesamarbeid med Stord hamnestell. Dette for m.a. å få til like anløpsgebyr og kaivederlag for trafikkerande skipsfart. Etter avtale betalar fylkeskommunen v/Skyss årleg kr 100.000 i anløpsgebyr/kaivederlag for å trafikkera kommunale kaiar i Kvinnherad. Kommunen har signalisert at dei vil reforhandla denne avtalen. Frå 01.01.2017 har kommunen som mål å innføra hamneavgifter etter Stord hamnestell sine gebyrreglar.

### Dei økonomiske fylgjene av overdraging til fylkeskommunen

Dersom dei kommunale ferjekaiane vert lagt inn i den fylkeskommunale kaiportefylgjen, vil trøngen for vedlikehald og oppgradering bli vurdert i lag med dei andre fylkesferjekaiane og finansiert gjennom dei årlege drifts- og vedlikehaldsmidlane.

Tilstandsvurderingane frå 2015 syner at det er ein del forhold som bør vedlikehaldast/fornystast på dei ulike kaiane. Det er likevel ingenting som er kritisk. Samla stipulert kostnad på tiltak som må gjennomførast på noko sikt er omlag 12,0 mill kr før byggherrekostnader. Det som har kome opp i samband med ny anbodsutlysing for ferjedrifta, er at det bør vera ei viss minstedjupne på alle ferjekaiane. Då vil det vera fleire ferjer som kan vera aktuelle å nytta i sambanda. Det vil også vera lettare å finna reserveferje til sambanda. Dei rapportane som så langt ligg føre syner at det er trøng for utdjuping på fleire av kaiane. Kostnad for utdjuping ligg mellom 0,5 - 1,0 mill kr per kai, alt etter grunnforholda (mudring/sprenging) og kor vidt massane må køyrast vekk eller deponerast i sjø.

### Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen si vurdering er at det vil vera i fylkeskommunen si interesse å ta over eigarskapet til dei kommunale ferjekaiane. Dette vil sikra fylkeskommunal styring og kontroll med kaiinfrastrukturen i alle dei reine fylkesferjesambanda. Det vil ha ein meirkostnad å drifta 4 nye ferjekaiar. Denne vil variera frå år til år og vil bli dekka gjennom dei årlege løvingane til drift og vedlikehald av fylkesvegane. Det er likevel grunn til å tru at fylkeskommunen ville fått denne kostnaden uansett gjennom hamne- og kaiavgifter, jfr det som Kvinnherad kommune legg opp til frå 2017.